



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/124 - 18/2721

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

29.01.2018

Uttale frå Lindås kommune på framlegg til forskrift om marint vern for Lindåsosane og Lurefjorden

Lindås kommune viser til tidlegare dialog i saka, samt stadfesting frå Fylkesmannen på at kommunen har fått utsatt frist for å komma med uttale i saka vedkomande framlegg til forskrift for marint vern for Lindåsosane og Lurefjorden.

Plan- og miljøutvalet hadde saka opp i møte 24.01.2018, der følgjande uttale er gjeve:

PM - vedtak: Uttale i Plan og miljøutvalet - 24.01.2018:

I framlegg til forskrift § 4, bokstav j må endrast slik at den klart gjeld tiltak som ligg innanfor verneforskrifta sitt virkeområde.

I forskrifta § 5 bokstav d, er det opna for spesifiserte dispensasjonsreglar for tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Forskrifta bør ha døme på kva tiltak som fell innanfor ordlyden her, slik at det vert etablert ein felles forståing av kva som ligg i ordlyden.

For separate utslepp etter forurensingslova kapittel 12 må det leggjast inn som eige punkt i framlegg til forskrift § 4, generelle unntak frå vernereglane. Dersom det ikkje vert lagt inn som unntak så må det leggjast inn som eit eige punkt i § 5, spesifiserte dispensasjonsreglar.

Lindås kommune er godt kjent med forvaltingsarbeidet og føremålet med å få på plass ein marin verneplane for kandidat område Lurefjorden med Lindåsosane. Kommunen er positiv til at det marine naturmiljøet her vert teke vare på med sitt unike økosystem.

Lindås kommune har tidlegare slutta seg til "Areal og forvaltingsplan for Den indre Farleia", den tek opp i seg mykje av det som er med i denne verneplanen. Lindås kommune er godt kjent med at marint vern i dette området er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

Lindås kommune ynskjer at forvaltningsstyresmakta vert lagt til kommunalt nivå.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune ber om at Fylkesmannen i Hordaland vidaresender uttalen vår til Miljødirektoratet.

Saksframlegget er lagt ved saka. Øvrige vedlegg er ikkje lagt ved, då dette er høyringdokumenta som kommunen har fått tilsendt frå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyring - framlegg til forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|--------|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
|--------------------------|---------------|------|--------|

Mottakarar:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|--------|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
|--------------------------|---------------|------|--------|